



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 29/21

Møtedato: 01.09.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Uttale til framføring av EL – lågspent til Telia mast på Sørre Trøllhøvd

Valdres Energiverk (VEAS) søker om å få føre fram ny straumforsyning til ny tele-mast på Sørre Trøllhøvd.

Dette vert rekna som eit «grunnDisponeringstiltak».

Fjellova §12: *Iverksetjing av grunnDisponeringstiltak - herunder tiltak som gjeld vassdrag - i statsallmenning kan berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern. Om eit tiltak vil medføre vesentleg skade for bruksrettar vert avgjort ved skjøn. GrunnDisponeringstiltak kan berre føretakast av departementet eller med løyve frå departementet, med mindre anna er særskilt fastsett. Før departementet tek avgjerd skal fjellstyret og i tilfelle allmenningstyret ha hatt høve til å kome med fråsegn i saka.*

I følgje fjellova §3 skal fjellstyret arbeide for å sikre at allmenningen vert brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftinteressene. Framføring av straum er viktig for næringslivet, både stølsnæringa og anna næringsliv.


Slik søknader om framføring har fjellstyret uttrykt eit klart ynskje om framføring langs veg for å unngå for store inngrep i terrenget. Dette heng og saman med at stølar/hytter ligg langs veg, og dette er då rasjonelt for å fange opp framtidig tilknytting.

I denne saka har VEAS synleggjort ulempa med å føre fram ny hovudledning langs veg, då denne må komme frå Ødestølen grunna dette er næraste eigna trafo som gjer lengda vesentleg mykje større. I tillegg er det ingen hytter/stølar langs denne strekninga, som gjer at ein ikkje får nytta denne auka lengda til nye tilkoplingar. Dette er vektige grunnar finn administrasjonen.

Dei opplyser på telefon (Espen Sørлие) at dei planlegg å legge ved trekkerøyr til ny høgspent slik at Sørre Trøllhøvd området kan løysast ut med utgangspunkt frå masta dersom det er vilje til straumframføring her. Dette er ein god løysing som reduserer vidare kablar inn i området, til tross for dei terrenginngrep som ledningen gjev til masta.

Oppsummert: med utgangspunkt i at det vert lagt trekkerøyr for høgspent som mogleggjer mulegheita for seinare straumframføring til Sørre Trøllhøvd, tilrår administrasjonen ei positiv haldning til prosjektet då dette gjev større nytte på lang sikt til tross for graving av kabel i terrenget til ny mast.

Ut i frå bruksberettiga, kan ein ikkje sjå at dette tiltaket har særlege negative verknader. Ein føreset at sår i terrenget vert tilplanta med stedeigne arter og at det ikkje vert etablert tiltak som gjer ein større fare for m.a. beitedyr osv.



Kart som viser planlagt kabel

Framlegg til vedtak

Fjellstyret tilrår tiltaket med framføring av ny straumforsyning til ny mast ved Sørre Trøllhøvd under føresetnad at det vert lagt med trekkerør for framføring av høgspenning i same grøft som kan løyse ut straumtilkopling til Sørre Trøllhøvd.

Fargeval på bygg i tilknytting til anlegget skal vere i tråd med det fargekart kommunen nyttar ved reguleringsplanar for hyttebygging.

Vedtak

Fjellstyret tilrår tiltaket med framføring av ny straumforsyning til ny mast ved Sørre Trøllhøvd under føresetnad at det vert lagt med trekkerør for framføring av høgspenning i same grøft som kan løyse ut straumtilkopling til Sørre Trøllhøvd.

Fargeval på bygg i tilknytting til anlegget skal vere i tråd med det fargekart kommunen nyttar ved reguleringsplanar for hyttebygging.

Samrøystes vedteke

Generelle reglar om fjellstyrevedtak:

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

Byggeløyver er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden, alternativt at det sendt byggemelding for bygg som berre krev meldeplikt. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova . Etter forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 02.09.21

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Statskog